

Innkalling til instituttrådsmøte IF

Møtetid: 10. juni 2026, kl. 12.15-14.00

Stad: Rom 400, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Dagmar Haumann, Craig Grocott, Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden og Sigrid Ørevik.

Frå gruppe B: Alma Oftedal.

Frå gruppe C: Eleni K. Solstad.

Frå gruppe D: Mathilde Sanne, Tyler Hanssen og Liam Laurene Breian Langø.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – Godkjenning av referat frå møtet 11. mars 2026

Referatet vart sendt ut med e-post 12. mars 2026, og det er ikkje meldt inn endringar.

Sak 3 – Orienteringssaker

- (A) Dialogmøte med fakultetet (sjå vedlegg)
- (B) Innspel til høyring om nytt tilsetjingsreglement for UiB (sjå vedlegg)
- (C) Tilsetjingssaker
- (D) Forskingsterminar

Sak 4 – Oppfølging av lokal arbeidsmiljøundersøking i 2026

Instituttleiinga legg fram til diskusjon i instituttrådet resultata frå den lokale arbeidsmiljøundersøkinga som vart gjennomført ved instituttet tidlegare i vår. Sjå vedlegg.

Sak 5 - Budsjettbrev til fakultetet

Instituttleiinga legg fram til diskusjon i instituttrådet utkast til IF sitt innspel til budsjett for 2027 og langtidsbudsjett for perioden 2028-2032. Sjå vedlegg.

Sak 6 – Overgang til ordninga med éin eksamenssensor

Sjå vedlegg. Eleni K. Solstad orienterer frå arbeidsgruppa.

Framlegg til vedtak: Overgangen frå to til ein sensor ved eksamen blir innført frå og med hausten 2026 på alle emne der regelverket opnar for ei slik omlegging.

På emne med berre éin sensor blir det etablert ei sikringsordning der inntil fem eksamenssvar kan sendast til vurdering av ein sensor 2. Ordninga bør hovudsakleg nyttast for oppgåver som ligg rundt grensa for stryk, men i visse tilfelle kan det vera aktuelt å kopla inn sensor 2 for andre eksamenssvar der hovudsensor synest det er vanskeleg å fastsetja karakter. Sensor 2 skal vera ekstern om ikkje heilt særskilte grunnar tilseier noko anna.

Instituttet tek frå og med hausten 2026 i bruk den nye malen for sensorrettleiinga som arbeidsgruppa har lagt fram, og det blir etablert ein felles praksis ved IF for korleis sensorrettleiinga skal gjerast tilgjengeleg for studentane.

7. Val til instituttrådet frå gruppe B og D

Representantane til instituttrådet frå gruppe A, fast vitenskapleg tilsette, og gruppe C, administrativt tilsette, sit i fire år og står ikkje på val i 2026. Gruppe B, mellombels vitenskapleg tilsette, og gruppe D, studentar, står derimot på val kvart år. Sidan det ikkje kom inn kandidatar til fristen, har [nominasjonskomiteen ved fakultetet](#) følgd opp arbeidet med å rekruttera medlemar til instituttrådet.

Framlegg til vedtak: (1) Alma Elisabeth Oftedal representerer gruppe B i instituttrådet hausten 2026 og våren 2027. Varamedlemar er Alison Jones Rød og Ingeborg Vangsnes. (2) Instituttet arbeider med å få på plass kandidatar frå gruppe D før første instituttrådsmøtet til hausten.

Sak 8 – Møteplan for hausten 2026

Framlegg til vedtak: Instituttrådsmøta hausten 2026 blir onsdagane 9. september, 28. oktober og 9. desember.

Sak 9 - ymse

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Referat frå dialogmøte mellom
Det humanistiske fakultet (HF) og Institutt for framandspråk (IF)
Universitetet i Bergen 2026

Dato:

7. april 2026

Til stades:

Camilla Brautaset, dekan HF

Kim Ove Hommen, fakultetsdirektør HF

Laura Saetveit Miles, forskingskoordinator IF

Hanne Svanholm Misje, nestleiar Seksjon for studiar og forskarutdanning HF

Kirsten Moen, seksjonssjef Seksjon for forskning og formidling HF

Susann Ostendorf, assisterande fakultetsdirektør HF

Martin Paulsen, instituttleder IF

Eivind Heldaas Seland, prodekan for forskning og formidling HF

Marit Skaatan, forskingsrådgjevar IF

Birger Solheim, undervisningskoordinator IF

Arve Kjell Uthaug, administrasjonssjef IF

Julie Alver Tønsaker, seksjonssjef Seksjon for studiar og forskarutdanning HF

Instituttleder Paulsen ønskte velkomen og viste til at arbeidsmiljøet ved instituttet generelt er betre enn det var for eitt år sidan, men dei tilsette jobbar mykje, og mange er uroa for framtida for faga sine. Ved IF er ein takksam for den støtta instituttet har fått frå fakultetet på fleire nivå, og Paulsen trekte fram ekstrastøtta på 500 000 til driftsbudsjettet ved IF i 2026 og innsatsen fakultetet gjer med å setja framandspråka på dagsorden. Paulsen viste elles til at instituttet ser fram til at kjem minst eitt rom i HF-bygget med utstyrt til hybrid undervisning. Ved IF er ein òg spent på fakultetsstyremøtet i desember, der det skal vurderast om vi får lysa ut stilling i amerikansk litteratur, eit

fagmiljø som opplever stort undervisningstrykk. Den uventa avgangen på Midtaustens historie ved AHKR får dessutan ringverknader for arabiskfaget, og ved IF er ein opptekne av kva som skjer med denne stillinga framover.

FORSKING

Paulsen kommenterte støtteordninga UiB sentralt har initiert for å få fram fleire søknader til FRIPRO. Sjølv om instituttet set pris på initiativet, kan det innvendast at det er ei kortsiktig satsing (så langt berre 2026) med ei smal innretting (berre FRIPRO-kategorien). Ved IF vil ein nytta denne tildelinga til tre ulike tiltak: støtte til forskargrupper som er ramme for FRIPRO-søknader i 2026 (inntil 50 000 kroner til kvar gruppe), støtte til individuelle forskarar som arbeider med søknader (inntil 30 000 kvar) og to interne seminar for arbeid med FRIPRO-søknader ved IF. Forskingskoordinator Miles følgjer opp arbeidet med desse seminara.

Miles orienterte kort om arbeidet med søknader om større forskingsprosjekt ved IF. Instituttet har minst sju FRIPRO-søknader til NFR under arbeid. Tre av desse er førstegongssøknader, men dei har i realiteten vore arbeidd med over fleire år. Det blir jobba intensivt med desse søknadene i ei større gruppe, og instituttet opererer med interne fristar for å sikra ferdigstilling. I tillegg er det fire eller fem FRIPRO-søknader som har fått avslag tidlegare, men med gode karakterar og nyttige tilbakemeldingar; her satsar ein på å senda inn reviderte søknader.

Instituttet har dessutan minst ein søknad under arbeid til dei tematiske utlysingane ved NFR, tre søknader under arbeid til ERC Starting Grant og ein til Marie Skłodowska-Curie-ordninga. Vidare har instituttet arbeidd med ein søknad til ERC Consolidator Grant, som no er til vurdering i forskingsrådet, og IF er involvert i tre SFF-søknader.

Instituttet arrangerer søknadslunsjar, der ein har sirkulert og drøfta tolv søknader så langt, og vil leggja fram to til i næraste framtid. Særleg førstegongssøkjarar har nytte av desse lunsjane, der ein kan lesa gode søknader og diskutera dei med prosjektleiarane.

Skaatan orienterte om publiseringsstatistikken. Forskarar ved IF har registrert mange publikasjonar i 2025, og vi vil ein av dei næraste dagane få tala som viser kor mange publikasjonspoeng dette resulterer i.

Seland var glad for og imponert over arbeidet som blir gjort ved IF, og han var trygg på at det systematiske arbeidet på forskingsfeltet kjem til å gje resultat. Framandspråka er dessutan særleg aktuelle i beredskapssamaneheng, og IF har fått støtte til eit HK-dir-prosjekt med fleksibel utdanning i Ukrainas historie, samfunn, språk og kultur. Når det gjeld publisering, viste Seland til at UHR har sett ned nye faggrupper som skal røkta tidsskriftlistene, og her har det berre kome inn eitt namn frå UiB. Her er det bra om det kjem inn fleire framlegg frå fagmiljøa våre. Seland syntest òg IF har skissert gode tiltak

for bruken av FRIPRO-søknadsmidlane. Her trekte han òg fram at ordninga med støtte til “radikale forskingsidear” kan vera interessant for t.d. MSCA-kandidatar. Trond Mohn forskningsstiftelse (TMF) ønskjer å vita om det er interesse for tematiske prosjekt/senter. Her er det i så fall snakk om prosjekt der institusjonen må stilla med femti prosent av finansieringa sjølv. Seland peikte òg på at IF er svært gode på å støtta forskingssøknader, eit felt der òg UiB sentralt stiller med støtte, og han ville gjerne vita meir om korleis instituttet meiner fakultetet best kan assistera på dette feltet.

Brautaset viste til at ein ved fakultetet er stolt av IF og imponerte over arbeidet instituttet har gjort med å støtta forskingsinitiativ. Når det gjeld stimuleringsmidlane for FRIPRO-søknader, har IF fått meir pengar enn andre einingar ved fakultetet, og det er ei tillitsfråsegn som viser at fakultetet har tru på forskningssatsinga ved IF. Den sterke satsinga på forskning gjev òg framandspråka ein politisk kapital som er viktig i tida framover.

Paulsen takka for støtta frå fakultetet, og viste samstundes til at koordineringa mellom dei tre nivåa ved UiB kan vera ei utfordring i arbeidet med forskingsinitiativ. Ved IF er det relativt nytt at instituttet har ein eigen administrativ ressurs på forskningssida (Skaatan), og instituttet vil gjerne samarbeida endå tettare med fakultetet om korleis ein kan utnytta ressursane til forskingsstøtte best mogleg. Den tematiske satsinga ved TMF er spennande, og Paulsen tenkte kanskje nokre av dei store SFF-initiativa kunne engasjera seg her. Han syntest òg det var eit godt tips å oppmuntra MSCA-stipendiatar om å søkja støtte til “radikale forskingsidear”. Paulsen var elles spent på den store HUMSAMEVAL-evalueringa i år. Her treng instituttet all den hjelpa ein kan få frå fakultetsnivået. Det er viktig at HUMSAMEVAL ikkje krev så mykje tid og arbeid at det hindrar institutta i å få fram gode søknader om nye forskingsprosjekt.

UTDANNING

Solheim orienterte om arbeidet med studieporteføljeprojektet - dvs. om fellesemne, emnepakkar og om LES100. Instituttet er i rute, og arbeidet går fint framover.

IF har fleire fellesemne: SEK100 har allereie vore i drift i fleire år. I tillegg kjem dei nyare emna EAS252 (kinesisk og japansk), AMER200 (engelsk og spansk), HIM101 og HIM250 (arabisk og midtaustenhistorie). Det er ei utfordring at slike fellesemne kan opplevast som eigne “øyar” utan god kontakt med fagstudia.

Emnepakkar jobba IF mykje med hausten 2025. Sju slike emnepakkar er sende inn og ventar på godkjenning:

- Frå lydar til betydning
- Det fleirspråklege Noreg
- Ukraina, Europa og Russland

- Europas samfunn, kultur og språk
- Miljøhumaniora
- Moderne idéhistorie i Europa
- Menneske og natur i Europa

Brautaset streka under at denne lista gjorde henne skikkeleg glad, for her har IF greidd å få fram spennande tematiske tilbod og presentera dei gjennom gode overskrifter. Solheim peikte på at undervisningsspråk kan vera ei utfordring for rekrutteringa til fleire av pakkane der emne er undervist på ulike framandspråk.

Når det gjeld LES100, er modellen på plass for IF. To grupper skal undervisast av tilsette ved IF, tre grupper av tilsette ved FoF. Instituttet ønskjer å samla erfaringar hausten 2026, og Solheim var optimistisk med tanke på dette førstesemesteremnet framover.

Paulsen viste til at instituttet har eit par fag som for tida arbeider med redesign av undervisningstilbodet. Instituttet gjer dessutan stadige tilpassinga til endringar i ressursituasjonen, m.a. er det fleire IF-fag som har, eller er i ferd med å få, opptak til master berre annakvart år.

Solheim tok opp spørsmålet om gjennomføring på studia og eksemplifiserte dette gjennom faget engelsk. Faget har innført krav om obligatorisk oppmøte på bacheloremna, og det er òg lagt inn fleire obligatoriske oppgåver i studiet. På masternivå er hovudproblemet at studentar ikkje blir ferdige med masteroppgåva, og her prøver instituttet å få til ei tettare oppfølging av studentane. Brautaset viste til at engelsk rekrutterte godt under pandemien, men rekrutteringa har gått tydeleg ned i etterkant. Og sjølv om talet på tilsette er stabilt, er gjennomføringsprosenten vedvarande svak. Kor sikre er vi på at dei obligatoriske innslaga i undervisninga er treffsikre hjelpemiddel? Solheim medgav at dette er eit felt der vi famlar litt i blinde, og vi er ikkje sikre. Paulsen viste til at engelsk har vore gjennom ein redesignprosess som vi no bør byrja å sjå resultata av. Litt av utfordringa til engelsk er at det er eit svært samansett studium med fleire ulike program, og dette gjer òg analysen av gjennomføringa meir komplisert.

Brautaset streka under at den største ressursmangelen for framandspråka er studentar. Samstundes ser vi nokre oppløftande tendensar i 2025. Det å halda på dei studentane vi faktisk har, og hjelpa dei til å trivast og lukkast, vil vera særskild viktig, understreka Brautaset. Solheim viste til at fleire fag enn engelsk har tydd til meir bruk av obligatoriske krav, og ei kunnskapsutveksling her vil vera viktig: Kva er det som verkar? Kva er det som har positive konsekvensar for gjennomføringa?

Solheim orienterte òg om arbeidet med fleksible hybrid-tilbod på bachelor- og masternivå. Faga fransk, italiensk, spansk og tysk har jobba med nettbasert vidareutdanning gjennom mange år, og tradisjonelt har vi hatt desse nettbaserte emna parallelle emne på campus. Men på grunn av ressursituasjonen er faga no i ferd med å

leggja om til hybrid-undervisning der campus- og fjernstudentane deltek i same undervisning. Dette reduserer ressursbruken, samstundes som vi kan få ein pedagogisk gevinst sidan studentgruppene blir større og får ein annan dynamikk enn dei minste gruppene har. Instituttet ønskjer å utvikla eit slikt hybrid tilbod ikkje berre på 100-nivå, men òg på 200- og 300-nivå. I denne prosessen er det òg viktig for IF å ta vare campus-tilbodet slik at vi ikkje endar opp med reine online-fag. Instituttet har sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som jobbar med utviklinga av slike hybrid-studium. Studentar som allereie har teke nettbaserte tilbod på 100-nivå, gjev oss instituttet stort potensiale for kurs på 200-nivå.

Instituttet ser òg nokre skjer i sjøen, påpeikte Solheim: Vil rekruttering av fleire fjernstudentar, som ofte er deltidsstudentar, føra til at gjennomføringstida går opp? Vil dette i så fall slå tilbake på instituttet fordi IF får dårlegare gjennomføring på normert tid? Kva er viktigast her: samla studiepoengproduksjon eller gjennomføringsprosent? Fakultetsdirektør Hommen viste til at reint økonomisk er studiepoeng mykje viktigare enn gjennomføringsprosent. Men dårleg gjennomføring er likevel ei stor utfordring for omdømet vårt og påvirker rekrutteringen, som igjen påvirker studiepoengproduksjonen. Misje spurde om kva nett-studentane ønskjer: Er dei egentleg ute etter ein bachelor-grad, eller berre etter enkeltemne? Tønsaker streka under at å få opp studenttalet på dei aktuelle faga i seg sjølv er ein stor gevinst, og at dette vil gje oss eit større gjennomføringspotensiale. Solheim viste til at det er eit sterkt behov for gode, tilrettelagte hybridrom for at undervisninga på hybrid-emna skal kunna gjennomførast på ein skikkeleg måte.

Brautaset minna om at vi sett utanfrå har mange tomme studieplassar og låg gjennomføring. Det er viktig å setja inn innsatsen der vi har størst sjanse til å lukkast, og det første studieåret er svært viktig for oss. Ho viste òg til at emnepakkane kan vera eit godt middel til å visa fram fagleg breidde og rekruttera studentar.

Paulsen viste til at etter- og vidareutdanning, inkludert SKK (tidl. KFK), er eit viktig felt for IF.

FORSKARUTDANNINGA

Miles orienterte om forskarutdanninga og statistikken for gjennomføring ved IF. Det er gode utsikter til at mange leverer innanfor seksårs målet framover. Det er òg eit moment om permisjonar skal teljast med under seksårs målet.

IF håpar på minst seks innleverte avhandlingar i 2026. Instituttet har prioritert midtvegsevalueringar og medarbeidersamtalar og har dessutan møte med kandidaten seks månader før planlagt innlevering, altså like før innspurtsfasen. I tillegg har

instituttet sett inn ressursar for å få gjennom folk som har vore lenge i systemet utan å levera.

Ved IF er ein spent på kva som kjem frå arbeidsgruppa for karrierefremjande arbeid.

Rettleiarforum 2026 med tema psykisk helse er svært aktuelt.

Seland rosa IF for god oppfølging av kandidatane. Han minna samstundes om det nye kurstilbodet i universitetspedagogikk frå hausten. Det er viktig at folk faktisk melder seg på, slik at tilbodet blir ført vidare.

Miles meinte meisterklassen bør følgjast av alle og vera “nesten obligatorisk”.

Paulsen meinte at i alle fall halvparten av avhandlingane som blir levert inn, er “overkokte”, dvs. dei kunne vore levert tidlegare. Utfordringa her kan liggja både hjå stipendiaten sjølv og rettleiarane. Av og til ventar kandidatar med innleveringa til dei får endeleg klarsignal om publisering frå eit tidsskrift, sjølv om dette ikkje er eit krav for å integrera artikkelen i ei artikkelbasert avhandling. Dette kunne gjerne vore tema for eit felles rettleiingsseminar.

Seland takka for at IF hadde hjelpt med å finna lokale til STIP-HF.

ØKONOMI

Uthaug presenterte situasjonen for driftsbudsjettet ved instituttet. Ved hjelp av sluttgevinstar frå ulike eksterntfinansierte prosjekt kom instituttet seg greitt gjennom åra 2023-2025. Året i år ser òg ut til å gå greitt, ikkje minst fordi fakultetet har gitt eit ekstra tilskot på 500 000 kroner og fordi sluttresultatet i fjor gav ei større overføring enn forventa. I 2027 og åra framover ser instituttet for seg ein krevjande situasjon for driftsbudsjettet (om enn med tilførsel av ein viss sluttgevinst frå Nasjonale prøvar i engelsk i 2028). Instituttet møter desse utfordringane gjennom sparing (m.a. i bruken av mellombels tilsette og i overgang til einsensorsordning ved eksamen), i tillegg til at ein arbeider for inntektsvekst frå eksterne prosjekt og frå resultat på studiesida, og ein er aktiv med å søkja ulike øyremerkte utlysingar (t.d. studiekvalitetsmidlar og såkornsmidlar for FRIPRO).

Paulsen streka under at sjølv om instituttet arbeider for å få fleire programstudentar, er det realistisk sett vanskeleg å fylla alle studieplassane vi har. Instituttet må i tillegg produsera studiepoeng gjennom studentar som ikkje er programstudentar.

Paulsen var uroleg for at vi ikkje greier å skjerma nok ressursar til forskningstid og forskingsambisjonar. Slanking av studietilbod handlar òg om å gje rom for forskning, og dette er smertefulle prosessar. Brautaset viste her til at valfridom i emnetilbodet krev undervisningsressursar, og trekte særleg fram dei mange alternative emna på master i

engelsk. Paulsen peikte på at instituttet har starta prosessen med å redusera emnetilbodet på engelsk master.

Referent:

Arve Kjell Uthaug

Høyringsinnspel frå IF – nytt tilsettingsreglement for vitskaplege stillingar

Bergen, 7. mai 2026

Institutt for framandspråk (IF) takkar for høvet til å kome med høyringsinnspel på framlegg til endringar i Universitetet i Bergen (UiB) sitt tilsettingsreglement for vitskaplege stillingar. Dette er ei svært viktig sak for universitetsdemokratiet og vi merkar oss at fristen er kort. Instituttet vart informert om høyringa 29. april med frist på innspel til 7. mai. 5 arbeidsdagar på saker av denne karakter er svært kort og har gjort det umogleg å involvere den faglege staben elles på instituttet på ein meningsfull måte. Vi meiner dette er uheldig.

Overordna innspel

Høyringa omfattar kompetansekrav i professor- og dosentstigane, samt rekrutteringsprosessen for faste vitskaplege stillingar. Instituttet forstår at endringar i Universitets- og høgskulelova gjer at det kan vere naudsynt å sjå på det lokale regelverket for tilsettingar ved UiB. Vi forstår at dette gir grunnlag for justeringar eller presiseringar, slik innleiinga av høyringsnotatet peikar på.

Vi opplever samstundes at det vert gjort framlegg til endringar som går langt utover dei behova som oppstod i samband med lovendringa, utan at høyringsnotatet gjer greie for *kva som skaper behovet for endringar*. Til dømes opnar delen om Rekrutteringsprosessen med «Det er behov for avklaringer og tydeliggjøringer knyttet til bruken av intervju i rekrutteringsprosessen ...» Her saknar vi ei tydeleg grunngiving for kor dette behovet kjem frå.

Det vert vist til at høyringsnotatet er basert på diskusjonar i fleire dekanmøte. Instituttleiinga ved IF vil gjerne peike på at instituttnivået spelar ei sentral rolle i dei fleste tilsettingsprosessar ved UiB og meiner at det i ei så viktig sak hadde vore ønskeleg med undersøkingar av kva som fungerer og ikkje fungerer med dagens praksis som involverte instituttnivået. Vi meiner ei slik informasjonsinnhenting burde ha funne stad før framlegget til endringar vart laga og at ein høyringsrunde ikkje dekkjer dette behovet.

Vidare ser vi at det manglar ei samanlikning mellom tilsettingsprosessane ved UiB og kva som er vanleg praksis ved institusjonar det er naturleg å samanlikne seg med, dei andre BOTT-universiteta. Det siste poenget er viktig, fordi ei slik samanlikning kan gi oss ei forståing av kva som kan fungere og ikkje, og fordi ein praksis med for store skilnadar mellom institusjonane kan skape grunnlag for misforståingar for sentrale deltakarar i

prosessane, mellom anna medlemmar i sakkunnige komitear, men òg for søkjarar til våre stillingar.

Kompetansekrav

IF-leiinga er positiv til ei tydeleggjering av **norskkraft** gjennom ordninga med opprykk. Vi lurar samstundes på om det ikkje er mogleg å bruke gjennomførte norskkurs ved UiB som mogleg dokumentasjon for norskkompetanse. Det framstår som unødig byråkratiserende å be om ein ekstern prøve når vi som institusjon tilbyr noko som i praksis vil vere tilstrekkeleg.

Vi ser fram til framlegg til retningslinjer for konsekvens ved **manglande oppnådd kompetanse** både når det gjeld utdanningsfagleg kompetanse og norskkompetanse, og håpar at det vil vere mogleg å gjennomføre ein høyringsprosess for desse retningslinjene òg. Det er viktig at slike retningslinjer tar innover seg dei spesifikke situasjonene ved ulike delar av UiB.

IF-leiinga forstår at det er viktig med tydelege krav til omfang av den vitskapelege produksjonen som vert kravd for opprykk til professor. Vår oppleving er likevel at framlegget til formulering *ikkje fungerer som ei presisering* og at den samstundes kan framstå som ei *innskjerping av krava* til vitskapeleg produksjon for å få opprykk. Det har potensielt store konsekvensar for mange tilsette hos oss.

I gjeldande rettleiing ved HF-fakultetet står det per i dag «Kvantitetsmessig forventes det normalt 5-6 større vitenskapelige artikler eller 1-2 vitenskapelige monografier utover doktorgradsavhandlingen.» Vår oppleving er at dette er meir presist enn formuleringa «klart overskrider det som svarer til to doktorgradsavhandlingar.» Vi fryktar særleg at det kan vere ulike forståingar av kor mykje som ligg i adverbet «klart». Vi ser dessutan at gjeldande rettleiing opnar for opprykk med 1 monografi utover doktorgradsavhandlinga og opplever difor formuleringa «klart overskrider» som ei innskjerping.

Rekrutteringsprosessen

Sakkunnig vurdering

Vi støttar opp om den grunnleggjande forståinga av at sakkunnig komité si vurdering skal ha ein privilegert posisjon i tilsettingsprosessen som gjeld undervisings- og forskingsstillingar ved UiB. Dette er særskild viktig for oss som eit forskningstungt universitet. Samstundes opplever vi at gjeldande regelverk og dei føreslåtte endringane skaper uklårheit når det gjeld forholdet mellom sakkunnig komité si vurdering og andre viktige element i prosessen.

Ei nærmare samanlikning av det eksisterande regelverket ved UiB og dei føreslåtte endringane med tilsvarande regelverk ved UiO viser at UiB per no skil seg ut på ein grunnleggjande måte frå UiO og at dei føreslåtte endringane vil føre til enno større

ulikskap mellom dei to institusjonane sin praksis for bruk av sakkunnig vurdering i tilsettingsprosessar.

Det viktigaste i så måte er kva status sakkunnig rapport skal ha i heile tilsettingsprosessen. Ved UiB er sakkunnig rapport gitt ein privilegert posisjon ved at 6.3.2 seier at «Innstilling skjer ut fra sakkyndig bedømmelse etter krav angitt i utlysning og stillingsbeskrivelse.» Det vert lagt vekt på at andre delar av tilsettingsprosessen kjem som tillegg «Det skal i tillegg gjennomføres intervju, referanseinnhenting, prøveforelesning eller andre prøver som grunnlag for innstillingen.»

Ved UiO sidestiller regelverket sakkunnig komité si vurdering med andre delar av prosessen, til dømes i §18.2: «Vurderingsgrunnlaget [for innstillende myndighet] består av:

- vurdering fra sakkyndig komite
- vurdering av prøveundervisning
- intervju
- referanseintervjuer»

Vidare seier til dømes i §17 i Regler for ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskningsstillinger ved UiO at «De sakkyndige skal gi en veiledende vurdering av søkerne ...» Vidare seier §23 mellom anna at «en samlet helhetsvurdering [kan] gjøre at innstillende myndighet kommer til en annen rangering enn sakkyndig komite.»

Det er dessutan grunn til å merke seg at regelverket ved UiO ved fleire høve eksplisitt seier at ein endeleg innstilling kan vere annleis enn rangeringa frå sakkunnig komité. I §18 står det «Innstillende myndighet foretar en helhetlig vurdering av søkerne med utgangspunkt i kravene i utlysningsteksten og foretar en samlet rangering av de best kvalifiserte søkerne. Rangeringen her bygger på hele vurderingsgrunnlaget og kan derfor bli annerledes enn rangeringen fra sakkyndig komite.» Tilsvarende formulering kan ein og finne i UiT sitt regelverk, 6.2 Innstillingsmyndighetens mandat.

Det kan vere at det er gode grunnar til at UiB har vald ei anna tilnærming enn UiO eller UiT, men høyringsnotatet gir inga forklaring på kvifor det er så stor forskjell på regelverket ved institusjonane og kvifor UiB no ønskjer å skjerpe inn kravet til for vurderingar frå innstillande myndigheit som kjem til andre konklusjonar enn sakkunnig komité.

Innstillingskomité

Vi ser at det kan vere god grunn til å nedfelle gjeldande praksis for samansetjing av komitéar til prøveforelesing/-undervisning og intervju i regelverket. Vår praksis per i dag har nokre grunnleggjande likskapar med det som vert kalla innstillingskomité i

regelverket, men det er òg nokre svært viktige skilnadar som gjer at vi vil argumentere for endringar i framlegget til nytt regelverk.

For det første meiner vi at namnet innstillingskomité er villeiande når det denne komitéen ikkje har innstillingsmynde, den skal framleis liggje hos instituttleiari. Vidare vil vi peike på at ei endring til innstillingskomité i 4.1.1 og 6.3.2 gir grunnlag for misforståing i 6.3.3 kor gjeldande regelverk viser til «uttalelsen fra komiteen». Her må dagens regelverk forståast slik at det er snakk om sakkunnig komite (noko som gjerne kunne ha vore presisert), men med dei føreslåtte endringane vil det vere grunnlag for å misforstå det slik at det er snakk om innstillingskomitéen frå 6.3.2.

For det andre er det uheldig at innstillingskomitéen ikkje vil ha studentrepresentasjon. Dette er eit svært viktig element i prøveforelesingskomiteane hos oss per i dag, og vi meiner det vil vere eit tap for kvaliteten i rekrutteringsprosessen å miste studentane frå denne delen av prosessen.

For det tredje meiner vi det burde ha vore diskutert kvifor innstillingskomiteen skal ha eit medlem med HR-kompetanse, kva denne HR-kompetansen skal bestå i og kva ressursmessige konsekvensar ei slik regelendring vil ha for organisasjonen. Per i dag fyller administrasjonssjefen denne rolla ved vårt institutt, etter instituttleiinga si vurdering på ein svært god måte. Det er ein styrke for kvaliteten i desse prosessane at vi har med medarbeidarar som har gjennomført slike prosessar mange gonger og sikrar kontinuitet, særleg når dei som fyller dei andre rollene vert skifta ut. Høyringsnotatet gir ikkje grunnlag for å vurdere om den HR-kompetansen administrasjonssjefen har vil vere vurdert som tilstrekkeleg etter det nye regelverket. Dette er dessutan eit ressursspørsmål. Dersom det vert stilt krav til nokon som har spesialkompetanse på HR-feltet kan det verte vanskeleg å finne tilstrekkeleg med HR-medarbeidarar til alle dei rekrutteringsprosessane vi har.

IF-leiinga finn dessutan at avsnitt fire i framlegg til nytt 6.3.2 er for dårleg redigert:

«Innstillingskomiteen skal delta ved intervjuene og være til stede under prøveundervisningen. Instituttleder innhenter referanser Innstillingskomiteen fremlegger et notat der det som kommer frem om kandidatene under intervju, referanser og prøveundervisning redegjøres for og hvordan dette er relevant for vurderingen av søkerens personlige egnethet.»

Uavhengig av dei andre endringane vi meiner er naudsynte føreslår vi følgjande språklege endringar av den framlagde formuleringa:

«Innstillingskomiteen skal delta ved intervjuene og være til stede under prøveundervisningen. Instituttleder innhenter referanser. Innstillingskomiteen fremlegger et notat der redegjør skriftlig for det som kommer frem om kandidatene

under intervju, referanser redogjøres for og prøveundervisning og hvordan dette er relevant for vurderingen av søkerens personlige egnethet.»

Prøveundervisning

Vi støtter framlegget til namneendring frå prøveforelesning til prøveundervisning. Samtidig stiller vi spørsmål med framlegget til det vi opplever som ei nedprioritering av prøveundervisninga sin posisjon i tilsettingsprosessen. Vi forstår argumentet om at undervisningskomptansen er vurdert av sakkunnig komité, samstundes har vi lang erfaring frå at prøveforelesinga spelar ein viktig rolle i vurderinga av dei faktiske utdanningsfaglege kvalifikasjonane til dei vi rekrutterer.

Dei sakkunnige komitéane til våre førstestillingar er internasjonalt samansette og vår oppleving er at det er større skilnad mellom Noreg og andre land når det gjeld undervisningspraksis enn når det gjeld forskning. Vår oppleving er difor at sakkunnige komitéar gir gode og treffsikre vurderingar når det gjeld den vitenskaplege produksjonen til søkerane, men at det er naudsynt med ei vurdering av praksis opp mot våre undervisningsbehov når det gjeld den utdanningsfaglege kompetansen.

Dessutan er det viktig å ha med seg at medan sakkunnig komité vurderer den faktiske vitenskaplege produksjonen i form av publikasjonar, og difor kan gjere seg opp ei sjølvstendig meining om denne, så baserer vurderinga av utdanningsfagleg kompetanse seg på søkerane si eigenrapportering. Dette gjer etter vår meining at det er naudsynt med ei sjølvstendig vurdering av prøveundervisninga som kan rangerast.

Vi opplever at det ikkje er lett å forstå kva rolle prøveundervisninga skal ha i prosessen når den ikkje skal rangerast eller vegast.

Andre kvalifikasjonar

Sakkunnig rapport er og bør òg i framtida vere det viktigaste grunnlaget for innstillinga i tilsettingar i faste vitenskaplege stillingar ved UiB. Samstundes er det sentrale element med søkerane sine kvalifikasjonar som ikkje kan vurderast av ein sakkunnig komité og som må klargjerast gjennom intervju eller på andre måtar.

Høyringsnotatet legg stor vekt på spørsmålet om personleg eignaheit. Sivilombudet viser til at «Personlig egnethet sikter til søkerens personlige sider, som ikke lar seg dokumentere og måle på samme måte som utdanning og praksis. Egenskapene som er bestemmende for egnetheten, vil kunne variere fra stilling til stilling. Hvorvidt en søker er egnet for en stilling, vil derfor være avhengig av hans eller hennes personlige egenskaper; hvem søkeren er som person, både i seg selv og i samspill med andre. Personlig egnethet er derfor vanskelig å definere konkret, og enda vanskeligere å måle.»¹

¹ [Tilsetting - krav til saksbehandlingen ved vurdering av personlig egnethet - Sivilombudet](#)

Dette er ei god presisering, men – som Sivilombodet sjølv skriv – den er ikkje heilt konkret og etterlet nokre spørsmål om kva det betyr konkret for oss i våre tilsettingsprosessar.

Det er framleis uklart om «personleg eignaheit» dekkjer sentrale spørsmål som søkarane si 1) forståing av kva stillinga inneber og 2) motivasjon for å utføre alle delane av arbeidet og 3) vilje til å rette seg etter viktige krav til stillinga. Er forståing, motivasjon og vilje opp mot den konkrete stillingsutlysinga personlege eigenskapar? Dersom dei ikkje er det, kva rolle kan dei ha i innstillinga? Dersom dei er det: betyr den føreslåtte formuleringa for 6.3.2 at berre søkarar som viser svært dårleg forståing og motivasjon skal kunne nedprioriterast til fordel for kandidatar som har vore vurdert som mindre sterke av sakkunnig komité?

IF-leiinga meiner dessutan at framlegget til 6.3.2 avsnitt 6 er både redundant og potensielt problematisk i forhold til statsansattelova §3 (2). Statsansattelova seier eksplisitt at det skal leggjast vekt på personleg eignaheit. Vi meiner formuleringa «Dersom personleg egnethet skal kunne tillegges avgjørende vekt ...» kan skape ei misforståing om at det er mogleg å ikkje leggje vekt på dette. Vi opplever dessutan at andre avgjerande element i dette avsnittet er dekkja i avsnitt 4 og 7 i same paragraf og føreslår difor å fjerne heile avsnitt 6.

IF-leiinga finn dessutan grunn til å peike på bruken av formuleringa «vitenskapelige kvalifikasjoner» i 6.3.2. avsnitt 7 «Det skal svært mye til for at én søkers personlige egnethet kan veie tyngre enn en annen søkers bedre vitenskapelige kvalifikasjoner.» kan gi grunnlag for misforståingar. Vi forstår det slik at formuleringa viser tilbake til konklusjonen i rapporten frå sakkunnig komité. Denne baserer seg – som vi ser i 6.2.4 – ikkje berre på *vitskapelege* kvalifikasjonar, men og på utdanningsfagleg kompetanse og andre kvalifikasjonar. Vi meiner difor – uavhengig av dei andre innspela til endringar i paragrafen – at formuleringa bør endrast og føreslår:

«Det skal svært mye til for at en søkers personlige egnethet kan veie tyngre enn vurderingen fra sakkyndig komité.»

IF-leiinga meiner difor at det er grunn til å studere nærmare formuleringane som er nytta i UiO sitt regelverk og opne opp for at innstilling skjer på grunnlag av ei heilskapleg vurdering av søkarane med utgangspunkt i 1) sakkunnig vurdering, 2) vurdering av prøveundervising, 3) intervju og 4) referanseintervju i lys av utlysingsteksten. Vi meiner samstundes at det i regelverket bør framgå at sakkunnig vurdering skal spele ei avgjerande rolle for den endelege innstillinga, men at dette bør gjerast på ein måte som ikkje underspeler viktigheita av prøveundervising og intervju.

Konklusjon

Leiinga ved IF meiner at høyringsframlegget ikkje gir godt nok grunnlag for vedtak av endringar i tilsettingsreglementet for UiB. Vi oppmodar til at det vert gjennomført ei

grundigare undersøking av praksis ved UiB basert på innhenting av erfaringar frå instituttnivået. Vi oppmodar dessutan til at eit framlegg av revidert tilsettingsreglement for UiB tar innover seg og diskuterer skilnadane mellom tilsettingsreglementa ved UiB og dei andre BOTT-universiteta. Vi meiner at ei slik førebuing er naudsynt for at universitetsdemokratiet skal kunne ta stilling i ei så viktig sak.



Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Institutt for fremmedspråk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Senter for vitenskapsteori

Dato

13.05.2026

Vår referanse

26/49410

Budsjettforslag 2027 - innspill fra institutt og sentre

Vi ber med dette om budsjettinnspill knyttet til budsjettåret 2027 samt langtidsperioden fra 2028-2032 innen den 3. juli. Budsjettinnspillene vil bli brukt som kunnskaps- og idéunderlag i fakultetets budsjettforslag og langtidsbudsjett til UiB-ledelsen med frist i begynnelsen av september, samt til fakultetets egen budsjettfordeling 15. desember.

UiB ønsker at fakultetet i langtidsperioden viser til konkrete tiltak som vil kunne styrke økonomien slik at strategiske mål kan innfris og vitenskapelig kapasitet opprettholdes. Stikkord er større inntekter fra studiefeltet, økt eksterntfinansiering, arealreduksjon og effektiv drift.

Vi trenger enhetenes hjelp til å foreslå tiltak, og forventet virkning, og ber om tilbakemelding i form av et inputskjema for studiepoeng, doktorgrader og BOA/EVU-inntekter, samt tilhørende skriftlige tilbakemeldinger på følgende punkter:

- 1) Vurdering av enhetens fremtidige resultater innen studiepoeng og doktorgrader. Hvilke tiltak, nåværende eller nye, kan tenkes å øke studiepoengproduksjonen og antall doktorgrader? En pdf-fil som viser historiske data per studieprogram, kan brukes til analyse. Den vil bli gjort tilgjengelig på instituttets kanal i teamet Økonomiforum HF.
- 2) Planer for utvikling av enhetens BOA-inntekter i langtidsperioden.
- 3) Planer for fremtidige tilbud innen videreutdanning i lys av fakultetets [Handlingsplan for etter- og videreutdanning](#) (EVU).
- 4) Planer for finansiering av eksisterende og fremtidige forskningsinfrastrukturer, der det er aktuelt, i tråd med [Handlingsplan for forskningsinfrastruktur 2024-2030](#), særlig pkt. E.
- 5) Fordeling av rekrutteringsstillinger i henhold til fakultetets fordelingsmodell (fakultetsstyresak 74/24, side 16). UiBs fordelingsmodell for rekrutteringsstillinger åpner for større grad av

Postadresse

Universitetet i Bergen
Det humanistiske fakultet
Postboks 7800
N-5020 BERGEN

E-post:

post@uib.no

Organisasjonsnummer

874 789 542

Saksbehandler

Annhild Fetveit
Telefon: +47 55589386
Mobil:
E-post: annhild.fetveit@uib.no

refordeling og konkurranse om disse mellom fakultetene. Fakultetet trenger derfor strategiske argumenter for å opprettholde eller øke dagens antall rekrutteringsstillinger. Enhetenes begrunnelser for behov for stipendiat- og postdoktorstillinger vil også benyttes til fakultetets interne fordeling i desember.

Med vennlig hilsen

Kim Ove Hommen
avdelingsdirektør

Annhild Fetveit
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Inputskjema langtidsbudsjett 2027-2033, BOA-inntekter for eksisterende portefølje i langtidsperioden - overordnet nivå, BOA-inntekter for eksisterende portefølje i langtidsperioden - detaljert nivå, Foreløpige rammer for budsjett 2027 26_46942

Budsjettframlegg 2027 – innspel frå IF

Institutt for framandspråk sender med dette over innspel til budsjettframlegg frå HF for 2027 og for langtidsbudsjett (2028-2032). Oversendinga inkluderer vedlegg som gir uttrykk for forventingar om framtidige resultat, saman med dei skriftlege vurderingane til det fakultetet har bedt om innspel på.

Vurdering av framtidige resultat

IF jobbar med fleire tiltak for å skape større inntekter frå studiefeltet, og tiltaka omfattar både initiativ for å betre førsteårsopplevinga og heilskapleg kvalitetsarbeid i studietilboda. Det viktigaste tiltaket for å auke resultata på studiesida er studieporteføljeprojektet. IF har fått på plass ordningar for LES100, fellesemne og emnepakkar og ser no fram til å rulle ut alt dette for studentane.

IF har søkt om utviklingsmidlar frå UiB til fleire prosjekt for å styrke studietilbodet vårt. Vi ser at utlysinga som kom våren 2026 bidrog til å gi tydelegare fokus for arbeidet med studiekvalitet og omstilling av våre studieprogram i ei tid med mange utfordringar. Førsteårsopplevinga står sentralt i to prosjekt som vil kunne hindre fråfall. Eit prosjekt ved arabisk der ein nyttar andreårsstudentar som seminarleiarar for førstesemesterstudentar. I tillegg har vi tatt initiativet til eit samarbeidsprosjekt mellom IF, LLE, AHKR og SKOK for å styrke kulturen for studenfrivilligheit.

I arbeidet med heilskapleg kvalitetsarbeid i studia vil vi gjerne peike på to prosjekt. Vi ser særleg stort potensial for å auke talet på studentar og studiepoengproduksjon gjennom ei satsing på **fleksible BA- og MA-løp for faga fransk, spansk språk og latinamerikastudium, italiensk og tysk**. Visjonen er å kunne tilby språkstudium på BA- og MA-nivå som er fleksible med tanke på 1) *kvar* studentane kan/vil delta i undervising (campus eller online) og 2) *når* studentane kan/vil delta i undervisninga (synkront eller asynkront). Dei fire faga har omfattande erfaring med online-undervising innan ramma av EVU, mange av EVU-studentane har skaffa seg «årsstudium» og manglar ikkje mange studiepoeng for å få ei heil BA-spesialisering. Her er det potensial for vidare rekruttering til MA-programma. Eit viktig tilleggspoeng er at dei fleksible BA- og MA-løpa vil kunne rekruttere «vanlege» studentar (frå Samordna opptak) som av ulike grunnar ønskjer større fleksibilitet.

Ein føresetnad for å lukkast med denne satsinga er at IF får tilgang til godt utrusta rom og tekniske hjelpemiddel som gjer det mogleg med hybrid undervising av høg kvalitet. Eitt eller to hybridrom på HF-bygget vil hjelpe, men hovudsaka er gode løysingar knytte til kamera og lyd. Vi vurderer «Meeting Owl» som ei moglegheit for å få til god hybridundervising i rom som elles ikkje er lag til rette for det.

Det andre prosjektet er på russisk: **Nye vegar for russiskstudenten på bachelor**. Dette prosjektet vil fungere som ein pilot for liknande prosjekt i dei andre framandspråka. Bakgrunnen for initiativet er ein krevjande situasjon prega av reduserte personalressursar, geopolitiske endringar som står i vegen for utveksling til Russland, og inntoget av kunstig intelligens. Prosjektet har som hovudmål å styrke studentaktiv læring og utvikle ny digital læringsdesign som kompenserer for tapet av morsmåslærarar. Blant dei sentrale tiltaka er innføring av automatisert vurdering, studentdrivne kollokvium og auka bruk av medstudentvurdering. Gjennom redesign av emne og oppdatering av pensum søker fagmiljøet å oppretthalde høg utdanningskvalitet og sikre studentane sin språklege progresjon i ei ny tid. Prosjektet legg og vekt på samarbeid med andre nordiske institusjonar for å dele erfaringar om innovativ framandspråkundervising.

IF har jobba regelmessig med å auke talet på **doktorgradar**, både innanfor, rett etter eller langt etter prosjektperiode. Vi fokuserer på følgjande tiltak:

- Midtvegsevaluering. Gjennomføring er eit viktig tema i diskusjonen, og vi ber om ein oppdatert framdriftsplan. Vi inkluderer veldig konkrete tiltak/oppgåver i rapporten som kan hjelpe kandidaten til å levere innanfor perioden.
- Medarbeidarsamtalar. IF fokuserer på å oppnå 100% deltaking i medarbeidarsamtalar for medarbeidarar i rekrutteringsstillingar og bruker dei som ein moglegheit til å diskutere framdrift og hindringar for avhandlinga, opplæringsdel, karrierefremjande arbeid og liknande.
- Meisterklassar. IF vil no krevje konkrete grunnar for *ikkje* å ha ein meisterklasse, sidan vi ser dei som naudsynte og nyttige for å sikre kvaliteten for avhandlingane.
- Dedikert oppfølging etter kontraktperioden. Lokal ph.d.-koordinator følgjer opp med alle tidlegare kandidatar om forlenga innskriving i programmet, og forskningskoordinator har møte med desse ein gong i året.
- Forskargrupper og rettleiarar. IF har forskjellige tiltak for å forankre stipendiatane i forskargrupper og gir nye rettleiarar mentorar med lang erfaring.

Planar for utvikling av BOA-aktivitet

IF jobbar aktivt og langsiktig med å auke BOA-inntektene. Arbeidet går i første rekkje føre seg på forskningssida, men involverer òg BOA-prosjekt knytte til utdanning og oppdraget med nasjonale prøver.

Det viktigaste arbeidet på IF er utviklinga av ein kultur for å søkje om eksterne midlar til forskning. Sjølv om vi har hatt ulike eksterntfinansierte forskingsprosjekt dei siste åra, så har vi ikkje hatt like stort omfang som naboinstitutta. Vi ser særleg eit behov for å auke talet på forskarar som søker regelmessig, og som har god kompetanse på søknadsarbeid. Vi har dei

siste åra utvikla gode rutinar for å halde oversikt over (potensielle) søkjarar for å kunne gi dei så god og systematisk oppfølging som mogleg.

Den gode oversikta gjer at det er lett for oss å målrette konkrete tiltak. Alle som søker om eksterne midlar, får tilbod frå forskingskoordinator og instituttleiari om individuell oppfølging i sjølvne søknadsskrivinga. Alle forskarar på IF har tilbod om regelmessige søknadslesingslønjar, der vi går gjennom søknadar som har fått tilslag innanfor ulike utlysingskategoriar, særleg frå NFR og ERC. Vi har dessutan prioritert å styrke forskargruppene på instituttet, slik at dei kan fungere som fagmiljø for prosjektutvikling. Det siste året har vi dessutan lagt vekt på å følgje opp alle som får avslag på søknadar, for å avklare korleis dei kan vidareutvikle prosjektet mot ein ny søknad. Vi er opptatte av å utvikle ei forståing av viktigheita av å stå i søknadsarbeidet over tid.

I 2026 har IF vore glade for moglegheita til å gi ekstra støtte til dei som vil søkje FRIPRO. Vi har sett av midlar til felles søknadsskrivingsseminar for søkjarar frå heile instituttet, vi har gitt midlar til forskargrupper som har medlemmar som skal søkje FRIPRO i 2026, og vi har gitt støtte til dei individuelle forskarane som vil søkje. Samla sett trur vi at desse tiltaka vil bidra til ein auke i mengda av søknadar frå IF og auke sannsynlegheita for å vi får tilslag på søknadane.

Instituttet har gjennom mange år hatt eit eige fagmiljø knytt til utvikling og drift at dei nasjonale prøvane i engelsk. I tillegg til å vere eit viktig kompetansemiljø for skule og utdanning, har dei nasjonale prøvane gjennom åra tilført instituttet og fakultetet fleire millionar kroner gjennom overhead og sluttgevinstar. Noverande oppdragsperiode går ut ved årsskiftet 2027/2028. Det kan bli ei forlenging, t.d. med eitt år, av noverande avtale, men det er ikkje avklara enno. Instituttet ser det som sannsynleg at det kjem ei ny utlysing som vi ønskjer å søkje på med utgangspunkt i det eksisterande fagmiljøet, men vi veit ikkje enno heilt korleis ei slik utlysing vil vere innretta eller kor store summar det vil vere snakk om.

Planar for EVU

IF har sidan 2022 hatt eit nettbasert studietilbod i arabisk med studentbetaling. Tilbodet har hatt akseptabel inntening, men vi ser no behovet for å integrere dette tilbodet tettare med campustilbodet. Dette er viktig for å sikre kvaliteten, for å utnytte undervisningsressursane på faget betre og for å vurdere om det kan vere mogleg å utvide tilbodet med nye kurs.

I 2026 startar IF opp eit fleksibelt vidareutdanningstilbod i ukrainsk. Dette er ei konkret oppfølging av viktigheita av å vise solidaritet med Ukraina, som universitetsleiinga legg vekt på i sitt budsjettbrev. IF har fått midlar frå HK-dir for perioden 2025-2027 til å utvikle fleire ulike emne om ukrainsk historie, språk og samfunn og planlegg å drifte tilbodet vidare etter 2027 med inntektene frå studiepoeng eller studentbetaling.

Innan lærarutdanninga har System for kompetanse- og karriereutvikling i skulen (SKK) kome i staden for Kompetanse for kvalitet (KFK). Innanfor dei nye økonomiske rammene tilbyr instituttet berre fransk og spansk. Rekrutteringa her har så langt vore bra. Instituttet har òg eit potensial for å utvida satsinga innanfor SKK, i første omgang med å inkludere tyskfacet, der det ser ut til å vera eit bra rekrutteringspotensial og få konkurrentar. Engelsk kan òg vere eit aktuelt fag å inkludere i SKK for å utvide fakultetet si satsing på lærarutdanning.

Infrastruktur

IF har ikkje konkrete behov på dette feltet for kommande periode.

Rekrutteringsstillingar

Institutt for framandspråk ser rekrutteringsstillingar som ein viktig del av arbeidet med å styrke forskingsprofilen til instituttet. Vi jobbar aktivt med å sikre god kvalitet og gjennomstrøyming i ph.d.-prosjekt og å leggje til rette for tidleg karriere forskarar gjennom postdoktorstillingar. I tillegg spelar desse stillingane viktige roller i utviklinga av forskingsmiljøa ved instituttet, både i vidareutviklinga av forskargrupper og i arbeidet med å søkje om eksterntfinansierte prosjekt. Vi har bede fagmiljøa og forskargruppene våre om innspel på behov for forskarstillingar, og vi summerer dette opp her. Samla fekk vi inn ønske om **fem** rekrutteringsstillingar.

Forskargruppa Aesthetics and Cultural Studies ber om at det vert lyst ut ei ph.d.-stilling i 2027 som bidrag til gruppa si forskning på estetiske førestillingar i samtidsforteljingar. Dei ser ph.d.-stillinga som eit viktig element i eit forskningssamarbeid med eit fagmiljø ved Leeds University om temaet «Migrant/Mobile Imaginaries». Ph.d.-prosjektet vil kunne styrke dette samarbeidet og eit planlagt forskingsnettverk på tvers av UiB mellom fagmiljø frå IF, LLE og Infomedia. Dei ser dessutan for seg at eit fokus på populærkulturen sine projiseringar av grenselandsproblematikk vil kunne fungere som eit viktig bidrag til vidareutviklinga av fellesemnet AMER200 som Engelsk har utvikla i samarbeid med Spansk og Latinamerikastudium. Dei viser til at det er fleire aktuelle rettleiarar for eit slikt ph.d.-prosjekt og at det er eit godt tilsig av studentar med interesse for feltet i MA-programmet.

Fagmiljøet i britisk litteratur ønskjer utlysing av ei ph.d.-stilling i britisk litteratur med fokus på samtidslitteratur og -kultur. Dei ser at det vil vere særleg aktuelt å knytte ei slik utlysing til fagprofilen til nyttilsette førsteamanuensis Alice Bennett. I så måte vil det vere eit viktig bidrag til hennar langsiktige arbeid med utvikling av eit prosjekt som kan få støtte frå NFR, i tillegg til MSCA-søknaden hennar som er planlagt sendt inn i september. Denne stipendiaten vil bli forankra i den forskargruppa som passer ph.d.-prosjektet best. Ei slik utlysing vil dessutan bidra til å styrke samtidsprofilen til fagmiljøet. Dei siste åra har det vore ein god del rekrutterings- og forskarstillingar i faget retta mot mellomalderen.

Forskargruppa Post-Truth English Teaching (POTENT) som spring ut av fagmiljøet i fagdidaktikk på engelsk, ønskjer seg ei rekrutteringsstilling knytta til seg som skal vere retta mot utforskning av innovative læringsmidlar og -arenaar for å tematisere konseptet «post-truth» i engelskfaget, inkludert opplæringsmateriell og metodologi for å integrere utforskande undervising om «post-truth» i lektorutdanninga. Gruppa forskar på «the post-truth era», som er kjenneteikna av store utfordringar med fake news, kunstig intelligens, populisme, polarisering, kanselleringskultur, tabu og kontroversielle tema. Dei har hatt fleire rekrutteringsstillingar som no er avslutta, og ser at slike er viktige for å sikre kontinuitet i pågåande forskning. Dei ser dessutan at dei har ei forskargruppe med sterk standing internasjonalt, som vil kunne fungere godt som støtte for rekrutteringsstillinga. I tillegg trekkjer dei fram den tette koplinga mellom forskning og undervising i lærarutdanningane ved instituttet og peiker på at ei rekrutteringsstilling vil kunne styrke den forskingsbaserte undervisinga. Dei er opne for både ph.d.- og postdoktorstilling, men vil primært ønskje ei postdoktorstilling.

Forskargruppa **LINGCLIM**, som har si primære forankring i fagmiljøet i fransk, ønskjer seg ei utlysing av ei rekrutteringsstilling knytt til forskargruppa og med primærfokus på fransk grammatikk og lingvistikk. Ønsket er at stillinga skal knyttast til arbeidet innanfor to ulike prosjekt som spring ut av gruppa, narrativ og voices of nature, som begge er forankra i teoretiske omgrep som polyfoni og narrativ. Begge desse prosjekta har søkt NFR om finansiering. Forskargruppa ser at ei rekrutteringsstilling vil styrke arbeidet i desse prosjekta og vere eit viktig tilskot i det vidare arbeidet med å søkje ekstern finansiering. Ønsket om forankring i fransk lingvistikk er knytt til at omgrep som polyfoni og narrativitet er forankra i denne fagtradisjonen. Dei er opne for både ph.d.- og postdoktorstilling, men ønskjer primært ei postdoktorstilling.

Tyskfaget ved IF ønskjer seg ei stipendiatstilling i tysk fagdidaktikk med fokus på ei språkleg problemstilling. Faget viser til at dei aldri tidlegare har hatt ein stipendiat i tysk fagdidaktikk og at det er meir enn 20 år sidan førre ph.d.-grad i tysk språk ved UiB. I ein fase med sviktande rekruttering til tyskfaget i norsk skule og universitetsutdanning og nedskalering av tyskfaget ved UiB er det viktig å styrke kompetanse på undervising av tysk språk i skulen. Fagdidaktikar i tysk Åsta Haukås har lang erfaring med å rettleie kandidatar fram til fullført ph.d.-grad på normert tid.

IF ønskjer å kunne lyse ut desse stillingane, men ser at det ikkje er gitt at vi kan få lyse ut alle. Vi vil gjere ei prioritering mellom dei når vi veit meir om kor mange stillingar vi kan lyse ut og innanfor kva kategori.

Andre innspel

Instituttet kan finne rom til i alle fall eitt nytt, større eksterntfinansiert forskingsprosjekt innanfor eksisterande **areal**. Vi ser elles fram til det nye HF-kvartalet og reknar med prosessen fram mot dette vil føre til arealinnsparringar. Instituttet minner samstundes om at

vi treng eit par rom i HF-bygget som er spesialtilpassa hybrid-undervisning, der campus- og fjernstudentar deltek i undervisninga samstundes. IF har ein strategi for satsing på hybride tilbod, ei undervisningsform som både vil effektivisere bruken av undervisningsressursar og rekruttere nye studentar. Vi minner òg om at nøkkelsystemet i HF-bygget er utdatert og overmoge for utskifting. Instituttet er i ferd med å gå tom for nøklar til delar av bygget, og det er ikkje mogleg å få bestilt nye. Det hastar med å leggje om til eit nytt og funksjonelt nøkkelsystem.

IF vil dessutan nytte høvet til å gje innspel på **fagleg bemanningsplan**, slik vi har gjort i budsjettinnspelsbrevet tidlegare år. I år er vi særleg opptatt av stillinga i engelsk (amerikanske studiar/amerikansk litteratur og kultur) som ikkje vart vidareført ved handsaminga av fagleg bemanningsplan i 2025, men der fakultetsstyret vedtok å utsetje avgjerda til 2026. Instituttet har opplevd ei auka interesse for amerikansk litteratur og kultur dei siste åra og opplever no at vi har minst kapasitet på den delen av faget det er størst etterspurnad etter. Vi ser at etterspurnaden heng saman med behov i arbeidslivet for kompetanse på USA og amerikansk kultur. Trykket har vore særleg stort på rettleiing på masternivå, der instituttet no har vore nøydd til å tilsette ein førsteamanuensis i eit toårig ekstraerverv for å dekkje behovet. Det er viktig å vere medviten om at undervisningsbehovet ikkje bere heng saman med talet på programstudentar i Engelsk BA og MA. Engelskfaget er tett integrert med lektorprogrammet og andre lærarutdanningar, og vi ser eit auka trykk på undervisarane gjennom omlegging av lektorprogrammet.

IF ønskjer dessutan å peike på at den uventa avgangen i historie på AHKR, i ei stilling med vekt på Midtausten. Dette har konsekvensar òg for oss på IF, fordi vi samarbeider med AHKR om BA i arabisk og midtaustenhistorie. Vi er uroa for at studietilbodet vil verke mindre berekraftig når det gjeld undervisningsressursar og mindre attraktivt for studentane når dei andre emna utanom det som er obligatoriske i arabiskprogrammet (HIM101 og HIM250), vil forsvinne. Vi ser dessutan at fråværet av ei slik stilling på AHKR vil gjere moglegheitene for vidareutvikling av EVU-tilbodet innan arabisk mykje dårlegare.

Ny ordning for eksamenskommisjonar ved Institutt for framandspråk komitérapport mai 2026

Bakgrunn

Reglane for sensur vart for nokre semester sidan endra. Der det tidlegare var krav om at to sensorar skulle vurdera eksamenssvar, er det no tilstrekkeleg at éin sensor les svaret. Framleis finst det likevel krav om to sensorar i visse tilfelle, og dette gjeld:

- klagesaker
- munnleg eksamen (eig. «eksamenar som ikkje lar seg etterprøve»)
- bacheloroppgåva
- masteroppgåva
- eksamenar som åleine utgjer 15 studiepoeng

Det siste punktet må forklarast litt nærare: Dersom det berre er éin eksamen for eit emne på femten studiepoeng, må det vera to sensorar. Det same gjeld om ein eksamensdel *justerer* den andre, slik som med justerande munnleg. Er derimot eksamen sett saman av to delar som er *vekta*, er det nok med éin sensor. Dette gjeld t.d. når eit emne har ei innleveringsoppgåve som tel 60 prosent av karakteren, kombinert med ein skriftleg skuleeksamen som er vekta med 40 prosent. Reglar for eksamen, inkludert krav om bruk av sensor, er gjort nærare greie for i [Forskrift om studium ved UiB](#).

Det er dessutan krav om at sensor nummer to er *ekstern* i klagesaker og i vurderinga av masteroppgåver.

Institutt for framandspråk (IF) brukar i dag stort sett kommisjonar med to sensorar, men med nokre viktige unntak på engelskfaget, der fleire emne berre har éin sensor. Det varierer mellom faga om sensor nummer to vanlegvis er intern eller ekstern.

Då institutttrådet ved IF 28. januar i år [vedtok driftsbudsjettet for 2026](#), inkluderte dette òg ei liste med sparetiltak (sak 4), ei liste som òg vart [drøfta på møtet 3. desember 2025](#) (sak 6). Omlegginga frå to sensorar til ein er eitt av desse sparetiltaka. I budsjettsaka i

januar skisserte instituttleiinga ein viss spareeffekt i kroner og øre av eit slikt tiltak, men det vart samstundes streka under at «klart viktigare» er «innsparinga på over 1 500 arbeidstimar årleg for våre eigne tilsette (interne sensorar). Instituttleiinga meiner desse timane vil koma studentane betre til gode dersom dei blir flytta over frå sensurarbeid til undervisning. Det vil samstundes vera viktig å leggja inn sikringsordningar ved ein overgang frå to sensorar til ein. (...) Slike sikringsordningar vil òg gjera innsparinga av 1 500 interne arbeidstimar litt lågare. Instituttleiinga ønskjer ei omlegging frå to til ein sensor der det er mogleg, men vi bør bruka vårsemesteret til å planleggja eit sikringssystem innanfor dei økonomiske rammene som er skisserte ovanfor» (sjå saksframlegget til sak 4, [innkalling til instituttrådsmøtet 28.1.26](#)).

På ein god del emne er det ikkje mogleg å kutta ut sensor nummer to sidan emna fell inn i ein av unntakskategoriene over der det er eit krav om to sensorar.

Arbeidsgruppe og mandat

Instituttleiing har peikt etter instituttrådsmøtet i januar 2026 ut ei arbeidsgruppe som skulle koma med framlegg til ei konkretisering av einsensorordninga og foreslå sikringsordningar for å hindra uheldige utslag av omlegginga. Desse har vore med i arbeidsgruppa: dosent Benedicte M. Irgens, studiekonsulent Eleni K. Solstad, professor Kjetil Berg Henjum og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug.

Retningslinjer og røynsler frå andre

Komiteen har våren 2026 hatt tre møte. Vi har dessutan konferert med gjeldande regelverk og henta inn retningslinjer og erfaringar med overgang frå to til ein sensor frå andre institutt, fagmiljø og institusjonar. Frå Det humanistiske fakultetet ved UiB har vi fått inn tilbakemeldingar frå LLE, SKOK/SVT, AHKR og FoF. Av desse har AHKR i hovudsak innført einsensorordning der regelverket tillet det. Instituttet melder at kvalitetssikringa av sensuren og ikkje minst av sensorrettleiinga er viktig; men dei har ikkje registrert større utfordringar enn før t.d. i form av fleire krav om grunngjevingar eller fleire klager. FoF har gjennom mange år hatt denne ordninga på ex.phil. og har òg lagt om til berre éin sensor på 100-nivået av filosofistudiet. Dei økonomiske innsparingane har vore store. Etter ein del innleiande motstand er oppslutninga om einsensorordninga i dag solid ved FoF. Andre senter og institutt ved HF ser i mindre grad ut til å ha gått over til bruk av berre éin sensor.

I tillegg har komiteen henta inn synspunkt og retningslinjer frå eit par eksterne fagmiljø som vi veit brukar kommisjonar med berre ein sensor. Dette gjeld Institutt for språk, litteratur og kultur ved Høgskolen i Østfold og Institutt for litteratur, områdestudier og

europaiske språk (ILOS) ved Universitetet i Oslo. Frå ILOS har vi òg fått tilsendt utfyllande [retningslinjer for eksamenssensur ved Det humanistiske fakultet ved UiO](#).

Nokre av tilbakemeldingane vi har fått, viser til at ordninga med berre ein sensor er heller ny og at det derfor er litt tidleg å summera opp erfaringane. Komiteen synest likevel det er interessant å sjå dei ulike ordningane og tiltaka som er i bruk ulike stader for å minska dei potensielle skadeverknadene av ein overgang frå to sensorar til ein. Ut frå det vi har henta inn, kan ein sjå for seg fleire slike sikringsordningar:

- (1) **Tilfeldig utplukk** av nokre få eksamenssvar, som blir lesne av to eller fleire sensorar før hovudsensuren for å sikra felles standard og felles forståing av sensorrettleiinga.
- (2) Gode **sensorrettleiingar**.
- (3) Sensor 2 les oppgåvesvara som blir vurderte til **dårleg karakter**.
- (4) **Oppgåvebytte**, slik at faglærarar ikkje berre sensurerer oppgåver frå eigne studentar.
- (5) Innhenting av sensor 2 til oppgåver der det er **tvil om karaktersetjinga**.
- (6) **Timekvote** per eksamen til bruk av sensor 2 for tvilsoppgåver/dømeoppgåver/stikkprøvar. Her plukkar altså komiteen sjølv ut kva for oppgåver som skal lesast av to sensorar
- (7) **UiO-HF-modellen**, som i grove trekk er slik: a) Ved ti eksamenssvar eller mindre les begge sensorane alt, b) ved meir enn ti eksamenssvar les medsensoren (sensor 2) oppgåver vurderte til E og F og normalt to oppgåvesvar til, gjerne då eksamenssvar sensor synest det er vanskeleg å vurdere.

Det er ein viss overlapp mellom nokre av punkta over, og nokre av dei gjev dessutan best mening med relativt store studentgrupper. Dei er uansett ein nyttig bakgrunn for dei vurderingane komiteen har gjort seg.

Komiteen sine vurderingar og råd

(1) Sensorrettleiing

Komiteen ser sensorrettleiinga som eit naturleg verktøy i arbeidet med å sikra god og jamn kvalitet i sensurarbeidet. Rett nok vil ei slik rettleiing i første omgang ha avgrensa verdi på små emne der det i utgangspunktet er éin person som les alle svara. Likevel er

sensorrettleiinga viktig når fleire kommisjonar deler eksamensarbeidet og når det kjem inn karakterklager i etterkant av sensuren.

Sensorrettleiinga er dessutan med på å styrka rettstryggleiken til studentane sidan det er ei forventning om at studentane skal kunna få tilgang til henne. I Universitets- og høgskulerådet sine [rettleiande retningslinjer for sensur](#) heiter det: «Institusjonene skal utarbeide skriftlig sensorveiledning til alle typer eksamener både muntlige, skriftlige, praktiske og kliniske eksamener. Hvordan sensorveiledningen gjøres tilgjengelig for studenten er det opp til institusjonen å vurdere». Komiteen legg ved eit utkast til mal for sensorrettleiingar ved IF og gjer samstundes framlegg om at studieadministrasjonen ved instituttet etablerer ei felles ordning ved heile instituttet for korleis slike rettleiingar blir gjort tilgjengelege for studentane.

(2) Andre sikringsordningar

Det er viktig å hindra uheldige og urettferdige utslag av overgangen frå to til ein sensor. Ulike sikringsordningar, som det går fram av opplistinga ovanfor, handlar i stor grad om at *nokre* av oppgåvene framleis skal lesast av to sensorar.

Komiteen har lagt tre prinsipielle synspunkt til grunn for avvegingane her. For det første må vi halda fast på målet om ressursparing, slik det kjem til uttrykk i budsjettvedtaket i instituttrådet. For det andre skal ordningane våre sikra at sensuren blir mest mogleg jamn og rettferdig for studentane. For det tredje skal ei slik ordning vera enkel å forstå og praktisera av både vitskapleg og administrativt tilsette som er involverte i eksamensarbeidet.

Innanfor desse rammene kan ein enda opp med ulike vurderingar av spørsmålet om kva for eksamenssvar som bør lesast av to sensorar. Komiteen legg vekt på at spørsmålet om stryk/ikkje-stryk er såpass vesentleg for studenten at fokuset bør rettast mot eksamenssvara som ligg rundt strykgrensa. Samstundes bør det vera rom for å kopla inn sensor 2 òg i visse andre tilfelle der sensor 1 opplever det særleg vanskeleg å setja karakter.

Sidan IF har mange eksamenar med få kandidatar, ville det redusera ressursparinga om vi t.d. skulle følgja UiO-HF-modellen med to sensorar på alle emne med ti eller færre innleverte eksamenssvar. Ei pragmatisk vurdering her er at sensor 2 bør lesa minst to eksamenssvar, men ikkje meir enn fem.

Komiteen har òg diskutert om sensor 2 bør vera ein intern sensor eller ein ekstern. På nokre emne kan det vera enklare å ty til ein intern sensor 2 sidan det er få eksterne kandidatar med god kjennskap til emnet og fagområdet. Dette gjeld naturleg nok mest for fag som er lite utbygde nasjonalt. På den andre sida er det viktig å halda fast på kontakten mellom dei ulike institusjonane for å kalibrera karaktersetjinga og hindra at

det utviklar seg subkulturar i sensureringa. Ut frå tanken om ei mest mogleg rettferdig og jamn sensurering legg komiteen størst vekt på dette siste argumentet og meiner sensor 2 normalt bør vera ekstern. I visse tilfelle, der det er vanskeleg å finna ein godt kvalifisert ekstern, bør det likevel vera opning for å bruka ein intern som sensor 2.

Oppsummert

Komiteen har lagt til grunn vedtaket i instituttrådet om at IF frå og med hausten 2026 går over frå to sensorar til éin på alle eksamenar der regelverket opnar for dette. For å sikra kvaliteten i nyordninga, rår vi til to sikringstiltak:

- Instituttet brukar ein felles mal for sensorrettleiing og innfører ein sams praksis for alle emne for korleis sensorrettleiinga blir gjort tilgjengeleg for studentane. Utkast til mal er lagt ved.
- Sensor 1 kan senda inntil fem eksamenssvar til sensor 2 for supplerande vurdering, og normalt bør sensor 1 be om slik vurdering av minst to svar. Denne ordninga bør hovudsakleg nyttast for oppgåver som ligg rundt grensa for stryk, men i visse tilfelle kan det vera aktuelt å kopla inn sensor 2 for andre eksamenssvar sensor 1 har vanskar med å plassera. Sensor 2 skal vera ein ekstern sensor om ikkje heilt særskilte grunnar tilseier noko anna.

Bergen, 13. mai 2026

Eleni K. Solstad,
studiekonsulent

Benedicte M. Irgens,
dosent

Kjetil Berg Henjum,
professor

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef